

Eigedomseininga

Avtale mottak av brukte kunstgras frå Nordhordlandshallen

Følgjande avtale er inngått mellom Lindås kommune og enkeltmannsføretaket Arild Aase, organisasjonsnummer 979556098;

I samband med rehabilitering av dekket i Nordhordlandshallen hausten 2017, mottar føretaket Arild Aase 1980 kvadratmeter brukte kunstgras frå Nordhordlandshallen vederlagsfritt. Kunstgraset må hentast utanfor Nordhordlandshallen i byrjinga av oktober 2017, på rullar 45 à 2X22 meter. Vekt per rull vil vera om lag 1 tonn. Mottakar må sjølv stå for bort-transport av kunstgraset. Denne transporten skal skje innan 2 døgn etter at Lindås kommune gir melding om at graset er klart for henting. Mottakar må vidare sjølv stå for legging av kunstgraset, samt alle utlegg i samband med dette arbeidet.

Særlege omsyn i høve miljøkrav for kunstgras og gummigranulat:


Mottakar stadfestar å vera kjent med problematikken kring mogleg ureining frå brukte kunstgras og gummigranulat. Vidare er mottakar kjent med at Miljødirektoratet har sett i verk eit arbeid som kan medføra nye krav til handtering av brukte kunstgras og gummigranulat i framtida.

Ved å signera denne avtalen, tek føretaket Arild Aase over Lindås kommune sitt ansvar for å levera det brukte kunstgraset og gummigranulaten frå Nordhordlandshallen til godkjent mottak. Det inneber at mottakaren forpliktar seg til å følgja dei reglane som måtte gjelda på det tidspunkt kor føretaket ikkje lenger skal nytta graset frå Nordhordlandshallen.

Kunstgraset føretaket Arild Aase mottar frå Nordhordlandshallen skal nyttast til dekke for agilitybane utandørs og innandørs på Aase gard. Dersom mottakar i framtida skulle ønska å nytta graset til andre føremål, skal dette avklarast med Lindås kommune på førehand.

Mottakar forpliktar seg vidare til å setja i verk nødvendige tiltak for å hindra at gummigranulat frå mottakar sitt anlegg kjem ut i naturen.

Knarvik 29.09.2017



For Lindås kommune

Therese Urdahl Braseth, einingsleiar eigedomseininga



For føretaket Arild Aase

Arild Aase, styreleiar